



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 30.06.2020
Møtestad: Teams/ evt kantina kommunehuset
Møtetid: 16:00 - 17:00

Samt generalforsamling AS Austrheim Næringssselskap

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Anette Kaland	AP	Varamedlem, møtte for Britt M. S. Lerøy
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Kommunalsjef service og forvaltning, og i dette møtet fungerande rådmann, Thomas Lindås.
Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug. Møtesekretær Ketil Tjore,

Austrheim 1. juli 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
074/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/20	Meldingar
075/20.1	Oversikt fordeling av kulturmidlar 2020
076/20	Orienteringssak
077/20	Nytt varamedlem til forliksrådet
078/20	Generalforsamling - AS Austrheim Næringssselskap - 2020

074/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

Ordfører Per Lerøy ønske velkommen til møtet. Enkelte var tilstades i kantina på kommunehuset, resten deltok på Teams.

Ordføreren presiserte at bakgrunnen for innkallinga var å få gjennomført generalforsamling i AS Austrheim Næringssselskap. Møtet skal gjennomførast med kommunestyre først, og deretter denne generalforsamlinga.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med den presiseringa som er gitt for deling med kommunestyre først og generalforsamling AS Austrheim Næringssselskap etterpå.

KS - 074/20 - 30.06.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med den presiseringa som er gitt for deling med kommunestyre først og generalforsamling AS Austrheim Næringssselskap etterpå.

075/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

Bjørnar Fjellhaug orienterte om tildelinga som er gjort.

Det er tildelt tilsvarande summar som det var gjort i 2019, og det står att ein pott som kan omfordelast eller tildelast seinare.

Ordfører Per Lerøy sa at fordelinga av resterande sum kan kommunestyret ta opp seinare, og ba om at dette vart teke opp i formannskapet i møtet 20. august. Det har vore diskutert tildeling av kulturmidlar til samfunnshuset, dei får pengar frå kommunen utanom dette.

Varaordfører Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis utdelinga av kulturmidlar har vore annonsert, og

om det er slik at enkelte ikkje har fått det med seg at det var utdeling no i vår. Brekke sa vidare at det var bra om dette kjem opp igjen til hausten.

Kommunalsjef kultur og oppvekst Bjørnar Fjellhaug svara at det kan ha hatt noko å seia at det ikkje var utdeling av midlar i 2019, og at nokon kan ha tenkt at det ikkje var noko å søka på i år. Fjellhaug viste til at ein kan sjå nærare på dette til hausten.

Monika Thorpe (Ap) spurte om det at samfunnshuset får 45.000 kroner i årleg støtte utelukkar dei frå å få kulturmidlar. Fjellhaug svara på dette og viste til retningslinjene, der det heiter at organisasjonar som primært leiger ut bygg, ikkje skal tildelast kulturmidlar.

Ordfører Lerøy viste til at for enkelte organisasjonar så har ein i vår hatt utsett årsmøte, og det kan ha gjort at skifte av styre kom midt i denne søknadsperioden.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein kan gjerne ta ein runde til med søknader i haust, eventuelt som ei budsjettjustering.

Kommunalsjef Service og forvaltning, Thomas Lindås, sa at alle uansett står fritt til å søka om støtte.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva som er kriteria for kulturmidlane, og om desse er godt nok kjende.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til retningslinjene, og delte link til heimesida til kommunen (<https://www.austrheim.kommune.no/aktuelt/nyheiter/kulturmidlar-2020/>). Dyrkolbotn ba om at det til hausten vart lyst ut på ein måte slik at absolutt alle kan få søka, om det først skal vera ein ny søknadsrunde etter fristen. Dyrkolbotn sa vidare at det ikkje var uvanleg at det står att ein sum etter tildelinga, og at det er noko ein kan ta opp i formannskapet.

Ordfører Lerøy (Ap) presiserte at det ikkje var meint at ein skulle gå direkte til enkeltlag med midlar, men ope for alle.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at dersom ein har gått etter retningslinjene må det vera OK, eller så må ein sjå på retningslinjene.

Kommunalsjef Fjellhaug sa at ein føl kriteria. Elles er det lite midlar til kulturfeltet, så ein må gjerne halda att og så sjå til hausten kva som kan dukka opp.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 075/20 - 30.06.2020 - Vedtak:

Meldinga vart teken til orientering

075/20.1: Oversikt fordeling av kulturmidlar 2020

Rådmannen sitt framlegg:

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 075/20.1 - 30.06.2020 - Vedtak:

076/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

Ingen orienteringssaker i dette møtet.

KS - 076/20 - 30.06.2020 - Vedtak:

Ingen orienteringssaker i dette møtet.

077/20: Nytt varamedlem til forliksrådet

Rådmannen sitt framlegg:

Valnemnda legg fram namn i møtet.

Jan Hopland blir valt som ny 2. vara til forliksrådet.

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

Valnemnda foreslått av:

Jan Hopland blir valt som ny 2. vara til forliksrådet.

Leiar i valnemnda Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om at eit varamedlem måtte skiftast ut, på grunn av medlemmene må oppfylle dette kravet i Domstollova paragraf 70, punkt 1: "Være over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start".

Jamfør kravet er Magnus Kvingedal no skifta ut med Jan Hopland, som 2. vara til forliksrådet

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valnemnda si innstilling om Jan Hopland som 2. vara til forliksrådet

KS - 077/20 - 30.06.2020 - Vedtak:

Jan Hopland blir valt som ny 2. vara til forliksrådet.

078/20: Generalforsamling - AS Austrheim Næringssselskap - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Klikk her for å skrive inn tekst.

30.06.2020 KOMMUNESTYRET

Generalforsamlinga gjekk etter at kommunestyret var avslutta.

KS - 078/20 - 30.06.2020 - Vedtak:
